



Lærdal SV

Eitt lag!



Kjære veljar, takk for at du tek deg tida til å lesa Lærdal SV sitt program for kommunestyreperioden 2019 til 2023. Dei overordna prinsippa for Sosialistisk Venstreparti ligg til grunn for haldningane våre også i lokalpolitikken. Det betyr at du finn eit raudgrønt program som mellom anna legg vekt på sosial rettferd, internasjonal solidaritet, gode oppvekstkår for born og unge og ikkje minst miljøvern. SV er det einaste miljøpartiet som stiller til val i Lærdal, og me håpar du vil vera med å ta val for framtida som tek omsyn til miljøet.

Hovudslagordet vårt ved dette valet er Eitt lag. Me kjenner på at Lærdal kommune ikkje fungerer godt nok som eit lag. Framsnakking og openheit er grunnleggjande, og leiinga må alltid gå føre. Me har ei god bygd å bu i, men me trur mykje kan gjerast betre enn i dag, både når det gjeld skule, oppvekst, helse og velferd, nærings- og kulturliv og miljøsaker. Eit viktig prinsipp for dette meiner Lærdal SV er openheit og gode, gjennomsiktige prosessar på tvers av parti og ulike etatar. Innbyggjarar, frivillige, politikarar, administrasjonen og tilsette må arbeida som eitt lag om gode løysingar for ei god og positiv utvikling i Lærdal dei neste fire åra.

Dei siste fire åra har Lærdal SV vore ei klar og stødig opposisjonsstemme i eit kommunestyre dominert av SP og Høgre. Perioden starta med store økonomiske utfordringar og vanskelege kutt. I denne prosessen prioriterte SV born og unge, me var m.a. det einaste partiet som stod støtt i kampen mot nedlegging av Ljøsne skule.

Lærdal SV har våga å stilla spørsmål og forlanga klare svar frå kommunen, me har hatt ei sakleg tilnærming til kvar einaste sak og alltid freista å skaffe oss god kunnskap før vegen vidare vart vald. Og har me vore ueinige med fleirtalet, ja så har me ved dei høva stått for og sagt ja til noko anna.

GRØNE LÆRDAL

Framtida er grøn, og det må Lærdal kommune også vera. SV er det einaste miljøpartiet som stiller til val i Lærdal. Kommunen må gå føre med grøn drift, energisparing og ved å ta miljøomsyn i alle kommunale bygg. Nye bustadfelt og utbyggingar skal planleggast med miljøvennlege løysingar.

Lærdal kommune er ei sykkelbygd. Det må vera trygt og enkelt å velja sykkelen, SV vil kjempa for fleire gang-og sykkelvegar gjennom kommunen, og på sikt samanhengande sykkelveg opp heile dalen. Fleire som syklar gir mindre klimautslepp og betre folkehelse og trivsel.

- Lærdal kommune skal retta seg etter miljøkrava som er innført i verdsarvfjordane i Aurland kommune, og ikkje ta i mot cruiseskip som ikkje oppfyller krava.
- Lærdal kommune skal velja el-bilar der det er mogeleg, og leggja til rette for ladepunkt for både el-bilar og el-syklar.
- Det må vera god nok kapasitet i kollektivtilbodet i regionen, særleg for ungdom som nyttar buss til og frå vidaregåande skule.
- Me må satsa på miljøvennleg næring i regionen og støtta initiativ som Norsun i Årdal.
- Me må ta vare på det me har att av artsmangfald og urørt natur for komande generasjonar, mellom anna ved å vera restriktive til utbygging i LNF-område.
- Satsing på kortreist og økologisk mat skal vera sentralt i Lærdal.

Styre og stell

Politikarar og tilsette i Lærdal kommune jobbar saman for å gi eit godt tilbod til innbyggjarane. Då må politisk og administrativ leiing jobba på lag, og ha tillit frå innbyggjarane. Lærdal må derfor vera ein opnare kommune, der offentleg informasjon er lett tilgjengeleg, og der innbyggjarane ser tydelegare kva pengane blir brukt til. Eventuelle innstrammingar skal ikkje råka dei svakaste gruppene i bygdene våre.

- Lærdal kommune skal praktisera meiroffentlegheit. Alle dokument skal leggjast ut på kommunen si postliste, så sant det ikkje er i strid med lovverket.

- Alle offentlege dokument skal vera lett tilgjengeleg på kommunen si nettside.
- I eit stadig meir innfløkt samfunn er det naturleg at Lærdal kommune sokjer utvida samarbeid med dei to andre kommunane på sørsida av Sognefjorden. Lagspel og tillit er grunnleggjande her.
- For å betra den politiske kontrollen med drifta av kommune skal vil SV få vurdert å gjeninnføra politisk utval for kultur og oppvekst, helse og omsorg og tekniske tenester. Mindre eksterne konsulentar, meir politisk styring!
- Inntekter frå eventuell eigedomsskatt skal berre nyttast som eit øyremerkt verkemiddel for å betra tilbodet for barn og ungdom og i helse og omsorg.

Næring, utvikling og frivilligkeit

Ei av dei viktigaste oppgåvene til politikarane i Lærdal kommune er å leggja til rette for tilflytting. Utvikling og oppstart av nye arbeidsplassar er då sentralt. I eit moderne samfunn må me i tillegg legga til rette for at tilflyttarar kan ta med seg jobben sin til kommunen.

- Me må legga til rette for felles kontorlokale med felles sørvisfunksjonar.
- Me må framleis arbeida for at Lærdal skal vera helsekommunen i Sogn.
- Me ønskjer ei vidare satsing på reiselivet i Lærdal, men med mindre fokus på masseturisme og meir fokus på “grøn turisme”.
- Det bør innførast turistskatt i regionen, og Lærdal kommune bør gå i spissen for det.
- Landbruket i Lærdal må støttast, særleg gjennom Lærdal grønt og andre felles tiltak. Eit viktig grep er å ikkje bygga ned landbruksjord.
- Me må legga til rette for nye bustadfelt med både einebustadar og leiligheter. Me ønskjer primært fortetting på eller nær Lærdalsøyri og bustadtomter elles i kommunen. Kommunen må ha tiltak for å sikra at unge folk kan komma seg inn i bustadmarknaden.
- SV ønskjer å ta fram att og auka det politisk presset for å få sett i verk tunnelvedtaket på Ljøsne.
- SV vil auka satsinga på og løvvingane til det frivillige arbeidet som vert lagt ned i Lærdal. Dette arbeidet har uvurderleg verdi.

EI BYGD FOR ALLE

Born og unge først

Lærdal SV vil prioritera born og unge. Oppvekstområdet toler ikkje fleire kutt. Flinke lærarar både i barnehagane og på skulane må ha nok ressursar tilgjengeleg, for å formidla og bringa vidare den kunnskapen me meiner borna treng. SV vil satsa meir på skule og barnehage enn det har vorte gjort dei siste åtte åra, og støtta tiltak som gjer at folk på sjukeheimen og andre stader får faste opplegg/besøk frå ungane våre.

- Lærdal SV vil jobba for å finna ein alternativ plass til Kosen seinast frå hausten 2020, slik at born og unge i bygda får tryggare lokale og moglegheit til å driva med fleire og meir varierte tilbod.
- Talet på tilsette i barnehagane må avgjerast på eit fagleg, ikkje økonomisk grunnlag.
- Me må sørga for ein høg lærartettleik i klassane.
- For å oppretthalda desentralisert busetnad og vekst i heile kommunen er ein avhengig av ungar og aktivitet i alle grondene. Ein debatt om barnehage- og skulestruktur påverkar og uroar mange. Barnehage- og skulestruktur må derfor ikkje verta eit tema i den kommande perioden.
- Det må leggast betre til rette for at Ljøsne skule skal kunne takast i bruk som eit naturleg samlingspunkt i gronda.
- Full barnehagedekning og rimelege satsar er alltid viktig for SV. Tilflyttarar til Lærdal kommune skal vera garantert barnehageplass innan tre månader

Kultur

Kulturområdet har vore nedbygd siste perioden, dette vil SV snu. Me ønskjer å styrka kulturfeltet og bidra til utvikling av kultur både i communal og privat regi.

- Lærdal SV vil jobba for at kulturhuset skal driftast av kommunen, som eit kulturhus for heile bygda.
- Bemanninga på kulturavdelinga og kulturbudsjettet må styrkast.
- Villakssenteret og kunstsenteret må styrkast, fornyast og utviklast til attraktive reisemål for lokale og turistar. Ei organisering for å samordna og utvikla drifta i kulturhuset må på plass.
- Den store aktiviteten i Kulturskulen er Lærdal kommune med rette



stolte av. Det er eit viktig tilbod og treng gode vilkår, god marknadsføring og god drift.

- Folkebiblioteket må flyttast til sentrum, og det må utviklast i samsvar med det lovpålagde føremålet. Det må også leggast til rette for at biblioteket kan ha meir moderne opningstider og tilbod.
- SV vil sikra eit verdig livssynsnøytralt seremonirom i kommunen, som kan nyttast av alle, uansett tru eller livssyn.

Helse og omsorg

SV meiner at ansvaret for å sikra gode tenester innanfor helse og omsorg er det offentlege sin jobb. Me er derfor mot å privatisera slike tenester. Skattepengane våre skal sørga for at det er nok kvalifisert helsepersonell på jobb, ikkje til profitt for kommersielle aktørar.

- Me må støtta opp om det gode mattilbodet omsorgsheimen har utvikla, slik at dei kan halda fram det gode arbeidet.
- Me må sørgra for at det til ei kvar tid er nok kvalifisert personale (sjukepleiarar, vernepleiarar og andre) på jobb.
- Me vil styrka tilbodet og støtteordningane til barn, unge og vaksne som slit med psykiske lidinger.
- SV er stolte over tenestene som er bygde opp på Doktarheimen, og vil arbeida for å vidareutvikla dei gode lågterskeltilboda, som frisklivssentral, førebyggjande helsetiltak i barnehage og skule osv.

LIKEVERD OG SOLIDARITET

Ein likestilt kommune

Kvinner, og særleg dei med kort utdanning, er overrepresentert i deltidsarbeid og i mellombels tilsetting. Dette bidreg til å oppretthalda økonomisk skeivheit og avgrensa valfridom både i familie- og yrkesliv.

- Det skal vera rett til heiltid og fast jobb for dei tilsette som tek dei tunge løfta i velferdsstaten.
- Dei tilsette i omsorg skal sleppa å jobba med stoppeklokke. Dei skal ha tid til å syna omsorg for brukarane.
- Lærdal kommune skal markera seg som ein pådrivar for likestilling for alle kjønnsuttrykk og seksualitetar.

Ein internasjonal kommune

Lærdal kommune er ein kommune med innbyggjarar frå ei rekke land. Mangfaldet gjer kommunen attraktiv og tilfører ulike kunnskap og erfaring. Me må jobba for at alle innbyggjarane får nytta mangfaldet og føler seg verdsett og inkludert.

- Me skal arbeida for å ta i mot innflyttarar, både norske og utanlandske, på ein god måte, mellom anna ved å etablera faste møteplassar mellom gamle og nye lærdøler.
- Flyktningar og innvandrarar skal vera velkomne til kommunen og få tilbod om opplæring, arbeid og bustad og ulike former for fadderordningar.

Internasjonal solidaritet

• Lærdal kommune har ei stolt historie med internasjonal solidaritet. Det har vore brei tverrpolitisk semje om samarbeidet med Jeriko, eit samarbeid som gjer at både lærdøler og palestininarar opplever likeverd og solidaritet. Lærdal SV ønskjer å utvikla samarbeidet med Jeriko.

- Ulike former for rettferdig handel er ein viktig måte å syna solidaritet på. SV vil ha fart att i dette arbeidet
- Lærdal kommune skal ta tydelege val for å visa solidaritet. SV vil gå føre i dette.

SV-lista til kommunevalet i Lærdal 2019



1 JAN OLAV FRETLAND (f. 1950). Gift, 3 barn, 8 barnebarn. Arbeider på lærarutdanninga i Sogndal. Politisk bakgrunn frå fylkesting og formannskap. Brei leiarerfaring.

"Dei folkevalde i kommunen må meir inn i styringa att: Mindre konsulenter, tettare samarbeid mellom politikar og administrasjon, mindre vikarbyrå, fleire heile stillingar i omsorgsyrka."

2 MATHILDE GRØTTEBØ (f. 2001). Skal begynna på 3. året på musikklinja på Firda vidaregåande. Brenn for internasjonal solidaritet.

"Me må ikkje nøya oss med at me har det godt i Lærdal. Me har ansvar for å bidra til at alle skal ha same rettane som oss, enten dei bur i Afrika eller er flyktningar til Lærdal."

3 SÆMUND STOKSTAD (f. 1985). Gift, to barn. Jobbar som jordskiftedommar.

"Grøne Lærdal må leva opp til namnet sitt. Det må vera lett for privatpersonar å ta grøne val, og kommunen må ta miljøomsyn i alle avgjerder."

4 Anne Marie Hovland (f. 1946)

5 Kari Blåflat (f. 1948)

6 Halfdan Nesse Johnsen (f. 1983)

7 Ingrid Vindedal (f. 1956)

8 Jens Rikheim (f. 1961)

9 Berit Vangen (f. 1960)

10 Abdirahman Farah Warsame (f. 1994)

11 Kristin Bolstad (f. 1952)

12 Ingebjørg Voll (f. 1958)

13 Øystein Bratteteig (f. 1956)

14 Laila Irene Elvagjeng (f. 1961)

15 Anne Sofie Ljøsne (f. 1945)